

# VESTLANDSK VIDSYN 2013

ÅLESUND  
24.-25. SEPT.



## MØTEPlass FOR LOKAL UTVIKLING

Velkomne til Ålesund og Rica  
Parken Hotel tysdag 24. og  
onsdag 25. september 2013.

Vi inviterer til fagleg påfyll og  
inspirasjon, både for frivillege  
eldsjeler i bygdelaga, tilsette  
og politikarar på kommune og  
fylkesnivå, prosjektleiarar, sam-

funnsengasjerte bedriftsleiarar,  
forskarar og andre med interesse  
for lokalt utviklingsarbeid.

**Lokal samfunnsutvikling**  
Korleis skape attraktive lokalsam-  
funn? Korleis kan innvandringa bli  
ein ressurs for bygdenes?  
Kva med kommuneøkonomien?

Har Vestlandet ein sjanse i  
konkurransen om høgkompetent  
arbeidskraft? Kven er det  
eigentleg vi utviklar bygda for?

Dette er nokre av tema som blir  
tatt opp på Vestlandsk Vidsyn  
2013.

## SMAKEBITAR FRÅ PROGRAMMET:

- *“Snakk med meg!”* Komikar Fredrik Steen reflekterer over korleis kommunikasjonen mellom oss har endra seg, og betydninga av å snakke saman for å få noko gjort.
- *“Den nye bygda”* Bygdeforskar Bjørn Egil Flø stiller spørsmål ved rådande trendar innan bygdeutviklinga.
- *“Frå Potsdam til Ytre Gjemnes”* Kunstnar og designer Madlen Behrendt fortel korleis det eigentleg er å innvandre til ei vestlandsbygd.
- *“Slutt å synse!”* Distriktssenteret har oppsummert forskning på lokal utvikling. Kan dei konkludere om kva som skal til for å lukkast?
- *“Med 18 nasjonalitetar i arbeidsstokken”* Marine Harvest fortel om behovet for arbeidsinnvandring og utfordringar for bedrifta og lokalsamfunnet i Herøy kommune.
- *“Bratt friluftsliv lokkar ingeniørar til Molde”*. Lene Varhaugvik Avset frå Axess fortel korleis dei nyttar regionen sine naturlege fortrinn i jakta på dyktige folk.
- *“Blir det vekst når ting skal gå sakte?”* Nils Jakobsen frå Sokndal vil dele erfaringar frå Cittaslow-nettverket

Program og påmelding innan 15. august: [www.vestlandskvidsyn.no](http://www.vestlandskvidsyn.no)